



Til dialekt- og nynorskkommunane

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
JANMY	2017/343	15087/2017	SA5	07.07.2017

Søknad om støtte til Vinje-senteret - 2018-budsjettet

Vinje kommune skal, i samarbeid Nynorsk kultursentrum, realisere Vinje-senteret. Bli med oss på eit viktig løft av nasjonal verdi!

Vinje-senteret for dikting og journalistikk skal vere det rause museet som gir publikum meir enn dei ventar og meir enn dei betaler for. Senteret skal dokumentere og formidle prosakunsten i diktinga og forteljingar om journalistikkens rolle i Noreg. Eit slikt museum finst ikkje i Noreg frå før, ikkje i mange andre land heller. Innhaldet blir større enn kostnaden, og Vinje-senteret blir rimelegare enn andre nye kulturinstitusjonar.

I 2003 vedtok UNESCO-konvensjonen om vern av immatriell kulturarv som mellom anna gjeld munnleg tradisjon, utøvande kunst og språk. Noreg er i ei særstilling i Europa når det gjeld dialektenes stilling og levekår. Det er flott og unikt at me også i 2017 har ein statsminister som brukar si eiga dialekt på alle landets talarstolar, jamvel Stortingets. På det viset kan ho stolt syne sitt opphav og identitet. Alle kjem me frå ein plass! Det er forventa at ein held på dialekta si i Noreg i dag på alle ulike arenaer. I både riksmedia og på lokalt hald blir dialektbruken framelska og nærmast hylla. Dette står i sterkt kontrast til det vi kjenner frå store delar av resten av verda, der standardisert offisielt språk er einaste gangbare målføre i media, politikken og offentlege tilstellingar.

Me treng ikkje gå mange tiår attende før dialektar frå landsbygda og utkantstrokk vart sett ned på, og mange valde å konverterte til bymål for å bli tekne på alvor. Dit vil me ikkje igjen! Vinje-senteret som kompetansesenter vil i samarbeid med mellom andre Høgskulen i Sørøst-Norge forske på utvikling av dialektar knytt opp mot nynorskbruk og kva som gjer at nokre dialektar overlever medan andre dialektar utviklar seg i overkant mykje. Andre tema her kan vere dialektas plass i ei SMS-verd av kortformar og lokale uttrykk ispedd internasjonale termar og omgrep. Samspel og utvikling mellom dialektar og nye språk frå våre nye landsmenn vil òg vere grunnlag for djupdykk. Me skal ikkje stå stille, men me må vite kva veg me vil ta.

Med sans for det lokale og blikk for det globale skal Vinje-senteret bli eit nasjonalt dokumentasjons- og formidlingssenter på internasjonalt nivå. Grunnlaget er nynorsk skriftkultur, og Vinje-senteret skal arbeide med dikting og journalistikk på både nynorsk og bokmål med skriftkultur, minnekultur og demokrati som tre overordna perspektiv i både dokumentasjon, formidling og utstillingar. Vinje-senteret blir eit alternativ til den mentale sentraliseringa i vår tid.

Vinje kommune og Nynorsk kultursentrum har ei grunnleggande interesse av at det nye nasjonale senteret skal ha stor verdi for heile nasjonen, og for folks identitet og forståing av språkets identitetsberande effekt. Dialekt- og nynorskbruken i Vinje står sterkt, og me har framleis i dag mange gode ambassadørar for dette innan scenekunst, media og dikting av høgaste nasjonale standard. I ei tid med auka globalisering og stadig tettare band og raskare kommunikasjon blir slike tradisjonsberarar viktige for oppveksande generasjonar. Alle treng førebilete! Vinje-senteret vil vere med å styrke nynorskbruken som ein grunnpilar for å ta vare på den einskildes dialekt og stads-identitet. Truleg er det mange barn i Noreg i dag som framleis kan snakke og skrive dialekta si, fordi framsynte menn som Ivar Aasen og Aa. O. Vinje samla dialektene til eit felles skriftspråk. Denne arven må me synleggjere og bringe vidare. Dialektar i seg sjølv har ein enorm verdi som gjer at me framleis kan busette og ta i bruk heile dette ressursrike landet med folk som både ser utover i verda og veit kvar dei kjem i frå. Vinje-senteret vil samarbeide med alle som ynskjer å gjere levekåra til norske dialekter best mogleg.

Vinje-senteret vil dokumentere alle dei 1300 skjønnlitterære debutantar på nynorsk og vise den geografiske bakgrunn deira. Dei forteljingane som skal skapast om norsk pressehistorie, inneber at kvar einaste lokalavis i nynorskkommunane blir plassert i sin rette nasjonale samanheng.

I 2000 var mange kommunar med på ei symbolsk kronerulling til ute-amfiet i Aasen-tunet for å markere at nynorskbrukarane finst over heile landet, at Aasen-tunet er ein nasjonal institusjon og at ute-amfiet i Aasen-tunet har vore ein av dei viktige arenaene for meiningsdanning i Noreg.

No er sjansen der på ny – Vinje kommune set pris på alle bidrag, små som store.

Ta kontakt med ordførar eller rådmann dersom de ønskjer meir informasjon.

Med helsing

Jon Rikard Kleven
Ordførar /s/

Jan Myrekrok
Rådmann /s/

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

- 1 Vinje-senteret på 12 minutt